



Eit originalt postkassehus på Rød, trleg det einaste i sitt slag i Kvinnherad.

Det er montert eit særmerkt postkassehus på Syne på Rød. Det må vera det einaste i sitt slag i Kvinnherad. Ein færing (robåt) er skoren i to, sett på høgkant og montert på eit fundament. Dermed har alle postkassane fått sin trygge og sikre plass.

Det er skrive mykje om originale postkassehus. I nokre bygder har ein kåra det vakraste postkassehuset eller stativet. Oftast er det nybygde installasjonar med utskjeringar og namneskilt. På Rød finn du ein ny vri. Den velbrukte robåten på Rød er truleg ein strandebarmar med fire bord. Færingen har merke etter segl og rigg.

Ta ein titt på postkassehuset når du fer framom. Så langt vi kjenner til, så er det Arvid Hjelmeland som er den oppfinnsame handverkaren. Redaksjonen er takksame for tips om det finst noko tilsvarande i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal